

Tilskotsordning for studiesentera

1. Nærare om ordninga

HK-dir lyser ut 40 millionar kroner til ei søknadsbasert ordning for studiesentera. Ordninga skal bidra til aktivitet i distrikta gjennom at fleire får tilgang til utdanning der de bur. Ordninga skal mobilisere og leggje til rette for deltakarar til fleksibel og desentralisert utdanning som møter behova til lokalt og regionalt arbeidsliv.

Studie-/utdanningscenter, enkeltvis eller i samarbeid kan søke på ordninga. Søkarane må vise til eit samarbeid med ei fagskule med akkreditert fagskuleutdanning, eller eit universitet eller ein høgskule med akkreditert utdanning. Aktørane som får støtte gjennom ordninga skal leggje regionale kompetansebehov og prioriteringar til grunn og må kunne tilby studiar utan ekstra kostnadar for studentane.

Søklarane må enten ha lagt til rette for utdanning eller kompetanseutvikling kontinuerleg dei siste åra og-/eller leggje fram dokumenterte planar for etablering av eit studie-/utdanningscenter som ei regional satsing.

Det er eit krav om medfinansiering frå andre aktørar, som kommunar, fylkeskommunar eller næringsliv.

Det er ein intensjon at den søknadsbaserte ordninga for studiesentera skal vare over nokre år. Dette er med atterhald om framtidige løyvingar frå Stortinget.

2. Kva kan midlane brukast til?

Midlane som tildelast kan mellom anna gå til drift, mobiliserings- og rekrutteringsarbeid og tilrettelegging for studentar som følger eit studietilbod.

3. Søknadskrav

Midlar tildelast til studiesenter som:

- Kan vise til reell etterspurnad etter det planlagde studietilbodet i tråd med lokale, regionale eller nasjonale kompetansebehov og prioriteringar
- Kan dokumentere at dei regionale kompetansebehova og prioriteringar er tatt omsyn til, gitt i fylkeskommunanes/regionale kompetansepartnarskapas planar og strategiar
- Har inngått samarbeid med ei fagskule med akkreditert fagskuleutdanning, eller eit universitet eller ein høgskule med akkreditert utdanning

- Har medfinansiering frå andre aktørar, som kommunar, fylkeskommunar eller næringsliv

Det vil bli lagt stor vekt på å sikre ei god geografisk spreing i studiesentera som får støtte.

Ved konkurranse om midlane, vil søkarane kunne få avslag, eller bli tildelt ei lågare støtte enn det studiesentera har søkt om.

4. Korleis søker du?

Søknaden må skrivast på norsk og leverast gjennom HK-dir's søknadsplattform [Espresso](#) innan søknadsfristens utløp. Søknaden må vere komplett ved levering. Søknadar som ikkje er fullstendige, kan bli avvist. Søknadsportalen opnar tysdag 26. april.

Ein søknad skal bestå av:

1. Utfylt søknadsskjema i Espresso, inkludert budsjett for 2022
2. Følgelbrev signert av toppleiinga eller styreleiar ved studie-/utdanningsentera
3. Erklæring om at dei regionale kompetansebehova og prioriteringar er tatt omsyn til
4. Vurdering frå den aktuelle fylkeskommune om at søknaden er i tråd med fylkets kompetansebehov og prioriteringar (maks 250 teikn)
5. Signert samarbeidsavtale med eksterne samarbeidspartnarar

Vedlegg skal lastast opp som ei PDF-fil i Espresso.

5. Kontraktsinngåing

Når ein søkarinstitusjon får tilsegn om midlar, må han inngå ein kontrakt med HK-dir. Kontrakten gir nærare vilkår for bruken av midlane og partanes rettar og pliktar. Kontrakten må signerast av ein person som har fullmakt til å representere og forplikte institusjonen juridisk ovanfor HK-dir. Inntil bindande kontrakt er inngått, kan HK-dir ta dei nødvendige atterhalda som trengs for å gjere om vedtak om løyving av midlar.

Før kontraktsinngåing med HK-dir skal søkarinstitusjonen og eksterne samarbeidspartnarar signere ein samarbeidsavtale. Avtalen skal regulere organiseringa av samarbeidet, inkludert rettar og pliktar som partane har overfor kvarandre.

6. Rapporteringskrav

Institusjonar som får tildelt midlar må levere rekneskap og ein sluttrapport på bruken av midlane. Krava er nærare spesifisert i kontraktsvilkåra.